

Helgahelsing

Årgang 63 - Nr. 2

JUNI 2017



Odda



Tyssedal



Skare



Røldal



Odda og Tyssedal sokn*Kyrkjekontoret i Odda*

Almerket 17

Postadresse:

Postboks 397, 5751 Odda tlf. 53 65 09 00

E-post: post@oddakirken.no fax 53 65 09 01Nettadresse: www.oddakirken.no

Kontortid: tysdag til fredag 09.00 – 14.00

Sekretær Angunn Handegard Trå

Direkte telefonnr.

Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05

e-post: soknepresten@oddakirken.no

Diakon Annlaug H. Engmark tlf. 53 65 09 06

e-post: diakonen@oddakirken.no

Trusopplærer Jannike S. Stave tlf. 53 65 09 04

e-post: pedagogen@oddakirken.no

Kyrkjeverje Greta Nordlund tlf. 53 65 09 07

mob. 481 03 285

e-post: kirkevergen@oddakirken.no

Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09

e-post: kantoren@oddakirken.no

Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10

e-post: organisten@oddakirken.no*Kyrkjetenarar*

Olav Andor Lono mob. 416 64 018

Jannike S. Stave mob. 950 06 055

Anne Marie Reistad mob. 917 79 772

Røldal og Skare sokn*Kyrkjekontoret i Røldal*

Seimsv. 5, 5760 Røldal tlf. 53 64 71 40

fax 53 64 18 52

E-post: soknepresten.iros@oddakirken.no

Sokneprest Arne Sveinung Nataas

Odda sokneråd

Leiar Åse Kaland mob. 992 75 147

Røldal sokneråd

Leiar Liv Karin Larsson mob. 476 18 491

Skare sokneråd

Leiar Steinar Tokheim tlf. 53 64 52 70

Tyssedal menighetsråd

Leder Airin Nesse mob. 924 83 405

Odda kyrkjelege fellesråd

Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

HELGAHELING*Redaksjon:*

Gunvor Stana Seljestad

Paweł Cabała - utforming

E-postadresse: helgahelsing@gmail.com**Send oss gjerne tekstar, bilete, mm.**

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

Berjaflot

Tankar tenkt på ein søndag

Midt i augesynet frå Almerket der eg bur, ligg Odda kyrkje, kvit og flombelyst i store delar av døgnet. Her er barnebarna både døypte og konfirmerte. I sommar skal også oldebarnet døypast her. No er ho vorten mi soknekyrkje.

Men kvar er kyrkjegarden? Jau, han ligg langt frå sentrum, på ei flate midt i ei bratt fjellside. Berjaflot heiter staden. Berre namnet i seg sjølv kan seie en god del. Det minner meg om mine heimetrakter, om ein stad der flatene «stod på kant», vart det sagt. Flotten var namnet. Bakgrunnen for Berjaflot er velkjend, altså berg, fjell eller klippe. Slik sett er namnet i slekt med fleire høgdenamn, men Berjaflot er her ikkje noko høgdenamn, men eit slettenamn. Namnet er samansett av to ord, berja som truleg har opphavet sitt frå det norrøne verbet å berga, som tyder å berge, beskytte, bevare, bringe i sikkerheit, få i hus eller på land, hjelpe, redde eller frelse. Synonyma er ramsa opp frå det eg kan hugse frå Ivar Aasens norske ordbok som kom ut i 1875, og som vart revidert i 1878.

Flot er eigentleg norrønt fleirtal av hojønnsordet flate. Kan hende har det vore fleire flater der. Men no er det ei samanhengande, stor flate her. Eg vart overraska da eg sleit meg opp svingane som i ein trollstigveg og såg kor vidt og flatt det var der. Ein tur dit er ei oppleving i seg sjølv.

Kva tyder så Berjaflot? Enkelt sagt er det ei flate under berget. Ein kan tenkje seg ulike tolkingar ut frå Aasens sin definisjon. Dei som er gravlagde her, er altså berga frå jordelivets pinsler, mens andre vil kanskje leggje meir i det og seier. Dei er altså frelste. Vakrae namn på ein kyrkjegard kan ein knapt finne.

Harald Refseth



Ein slags informasjonsleiar

Av Asbjørn Kvalbein, Norea Mediemisjon

Pinsedag

Preiketekst: Johannes 14, 23-29

Jesus svara: «Den som elsker meg, held fast på ordet mitt. Og den som elsker meg, skal Far min elska, og vi skal koma og ta bustad hos han. Den som ikkje elsker meg, held ikkje fast på orda mine. Og ordet de høyrer, er ikkje frå meg, men frå Far, han som har sendt meg. Dette har eg sagt dykk medan eg enno er hos dykk. Men Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk. Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause! De høyrde at eg sa: Eg går bort, og eg kjem til dykk att. Elska de meg, så gledde de dykk over at eg går til Far, for Far er større enn eg. No har eg sagt dykk dette før det hender, så de skal tru når det hender.



Pinsen er festhøgtida for Den heilage ande. Kva denne Anden gjer, kan illustrerast med eit bilete.

Ein mann som heitte Fred, blei forelska i ei ung dame. Korleis skulle han fri og seie at han elska henne? Fred bestemde seg for å leige ein reklameplass, og på den kunne alle lese: «Kari, vil du gifte deg med meg? Fred.» Kari passerte plakaten dag etter dag, men ho la ikkje merke til den og så ikkje budskapet. Men etter ei stund var det ein ven som gjorde Kari oppmerksam på plakaten. Neste gong ho såg den, las ho den og svarte Ja til Fred.

Guds evige kjærleik er komen med Jesus. Det er lett for dei fleste å fare forbi og la vere å lese budskapet. Då er Den heilage ande hjelparen som gjer oss oppmerksam på at det gjeld oss.

«Talsmannen, Den heilage ande, som Far skal senda i mitt namn, han skal læra dykk alt og minna dykk på alt det eg har sagt dykk,» sa Jesus. Anden er ein slags informasjonsleiar og holde-saka-varm-person i guddomen.

Ei viktig sak for Jesus trer fram i pinsedagsteksten: «Den som elsker meg, held fast på ordet mitt. Og den som elsker meg, skal Far min elska ... Den som ikkje elsker meg, held ikkje fast på orda mine.» Mange tenkjer på kristendom og dekkjer seg bak ryktet om at «det er så mange tolkingar». Men orda frå Jesus er stort sett krystallklare, og ved Andens hjelp skin dei. Då blir vi utfordra: Trur vi dei? Held vi fast ved dei?

Jesus lovde etterføljarane sine ein annleis, kvalitetssikra fred då han sa: «Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause!» Gode ord å ta med seg i ei turbulent verd.



Luther Øre 2: Modige kvinner i reformasjonen

Kvinnesyntet i middelalderen var forankret i skolastikken og middeladlerteologen Thomas Aquinas lære, som tok utgangspunkt i den aristoteliske oppfatningen av kvinnen som en uferdig mann og en dårligere utgave av mennesket. Luther var selvsagt mann av sin tid, men det skjedde likevel noe med kinnesyntet i reformasjonen. Martin Luther ga kvinnene menneskeverd og ansvar, og gjorde dem til selvstendige og ærbare individ. Han respekterte kvinnene som partnere og ikke underordnet i ekteskapet, som de før var. Han møtte og samtalte også med kvinner som kjempet for reformasjonen.

I årene mellom 1521 og 1525 var det flere kvinner som gav ut brev de hadde skrevet. Den mest utbredte av dem, Argula von Grumbach utgitt 29000 eksemplarer. Ved siden av Martin Luther var hun en av dem mest leste forfatterne under reformasjonen. Men hvem har vel fortalt mye om henne? Eller om Elisabeth von Braunschweig-Lüneberg, Marie Dentière, Olympia Fulvia Morata, Elisabeth Cruciger, Florentina von Oberweimar, Magdalena von Staupitz, Anna II. Von Stollberg, Ursula von Münsterberg eller Hille Felcken? Disse er alle navn på kvinner som spilte en sentral rolle i reformasjonens tidlige historie. Disse kvinnene brukte sin innflytelse politisk og kirkelig for å skape endring. Flere av disse stod fram som skribenter og ledere i den lutherske reformasjonen. De så på det som sitt åndelige ansvar å kjempe for troen og Bibelen. De støttet og trøstet de kristne, og noen av de adelige kvinnene sette inn all si makt for å innføre reformasjonen i sine områder.

Martin Luther giftet seg også med en svært spennende dame, Katharina von Bora, som var både klok og lærd.

Katharina ble født i Lippendorf i Tyskland i en fattig familie tilhørende den saksiske lavadel. Hun mistet sin mor i ung alder, og da hun var ni eller ti år, ble hun sendt av sin far Hans von Bora til cistersienserinnenenes velstående kloster Marienthron i Nimbschen nær Grimma. Der lærte hun å lese og skrive, og studerte også litt latin.

Etter flere års klosterliv ble Søster Katharina interessert i den lutherske reformbevegelsen.

I 1522 begynte endel munk og nonner å forlate sine respektive klostre, og dette grep om seg. Søster Katharina og noen andre av nonnene i Marienthal begynte å legge planer om å gjøre det samme. Risikofritt var det ikke, ettersom det var forbudt etter rikets lover. Nonnene tok kontakt med Luther tidlig i 1523 og bad om hans hjelp. Det hele ble arrangert som om



de ble "bortført". Ved påsketider kom rådsherren Leonhard Koppe fra Torgau sammen to yngre slektninger til klosteret med en vogn, og nonnene, tolv i tallet, flyktet i den natten til 7. april. Ni av dem, som ikke kunne vende tilbake til slektninger, rømte til Wittenberg. I Wittenberg satte Luther seg fore å finne egnede ektemenn for dem. Snart var alle gift, med unntak av Katharina.

Den Katharina ønsket å gifte seg med, kunne ikke på grunn av motstand fra sin familie. Luther prøvde da å gifte henne bort med en mann nesten førti år eldre enn henne, en prest omtrent 60 år gammel. Denne gangen var det Katharina som nektet. Dersom hun ikke fikk gifte seg med Martin Luther selv, aktet hun å leve ugift resten av livet. Det endte med at Luther gav etter; de giftet seg i 1525.

Paret bosatte seg i det gamle augustinerklosteret i Wittenberg, som reformatoren fyrst Johann av Wittenberg stilte til deres disposisjon. Katharina tok straks til med administrasjonen av klosterets betydelige gods, styrte kvegdriften og bestyrte bryggeriet, og innbragte slik inntekter nok ikke bare til det egne husholdet, men også til underholdet av tilreisende studenter og vertskapet for alle de som kom til Wittenberg for å rådføre seg med ektemannen. Under sykdomsutbrudd i byen åpnet hun et hospital på klosteret og bisto de syke sammen med andre sykepleiere.

Martin og Katharina fikk 6 barn.

Elisabeth Cruciger (1500-1535) var en tysk, adelig nonne. Hun tilhørte kretsen rundt Luther, og ble reformasjonens første kvinnelige salmedikter. Hun vokste opp i et premonstratenserkloster, og forlot dette i 1522, etter å ha blitt introdusert for reformasjonens tanker. Hun giftet seg i 1524 med Luthers venn Kaspar Criciger, som i 1528 ble professor ved Universitetet i Wittenberg. Elisabeth er representert med én salme i Norsk Salmebok, nr.88: Guds Son i krubba funnen.

*Guds Son i krubba funnen,
frå æva er hans år.
Or faderhjarta runnen,
som ordet skrive står.
han er den morgonstjerne
Som skin for oss så gjerne,
langt meir enn soli klår.*

*Han ned til oss er komen
i verndsens siste tid.
Til denne armodsdomen,
er fødd av ei møy så frid.
Han dødens makt har bunde
og evig liv oss vunne
med krossens harde strid.*

*Å Herre, du må gjeva
me kunne rett forstå.
I Kristen tru å leva,
så deg me tena må.
Ditt ljøs i oss lat tindra
og hjartesorgi lindra,
så me mot deg kan trå!*

*Å, tukt oss med det gode
og la toss nåde få!
Sjå, gifti brenn I blodet,
du syndi sløkkja må.
Og hjarta nytt oss gjeva,
så du i oss kan leva,
og me di åsyn sjå!*

Gangdøra heime

Marie Lovise Widnes karriere som plateartist varte i to dager. I løpet av 14. og 15. august 1957 spilte hun inn nok låter til seks singelplater.

Widnes ble senere SV-politiker, og satt også Stortinget i én periode, fra 1989 til 1993. I 2010 meldte hun seg ut av partiet, i protest mot krigføringen i Afghanistan.

Hennes mest kjente låt var «Gangdøra heime»:

*Dei syng om naturen, om æra og plikta
og kjærleiken gong etter gong.
Men aldri så har vel eit menneske dikta
om gangdøra heime ein song.
Men det veit eg visst at om ho kunne tale,
så kom det for dagen båd' rettvist og gale.*

*Eg veit nok at ho kunne hendingar finne
frå mang ei forunderleg natt.
Om han som gjekk heimatt i rasande sinne
og ikkje kom oftare att.
Om han som du bad måtte aldri gå frå deg,
og han som du sprang frå og ikkje let nå deg.*

*Det kunne vel hende at døra laut flire,
men aldri i klinka det knatt.
Om klokka vart to eller tre eller fire
før de sa kvarandre god natt.
Nei, aldri du høyrde eit vondord ho seie,
ho tagde som berre ei gangdør kan teie.*

*Ho såg når det blenkte ei ørlita tåre,
når smila i andleta taut.
Ho høyrde vel ord som var beiske og såre,
og kanskje ein lovnad de braut.
Eg tenkjer ho såg når de stod der på troppa
og klemde kvarandre så hjarto dei hoppa.*

*Ja, gangdøra veit om ein gut kjem der ofte,
og om han er sein eller snar.
Ho veit om kva tid han får fylgje på loftet,
og ser kva slags sokkar han har.
Men når han fer utatt med skorpe i neven,
då gjer ho ein knirk for å skræme den reven.*

*Ja, gangdøra heime ho er som eg seier,
den same mot helt eller skarv.
Og bra er det sanneleg og at ho teier
og ikkje fer kringom med slarv.
Men kanskje vi slutta å dømme vår neste
om gangdøra sa det ho veit om dei fleste.*



Konfirmasjon 2017

Odda kyrkje 29. april



Foto: Pawel Cabala

1. rekkje frå venstre: Emilie Mannsåker, Adelheid Meusburger, Julian Rødal, Albertine Berg Skreien, Kjerstin Sveinsgjerd, Elin Karin Måkestad Tvedt, Mari Andresen Mosdal.

2. rekkje frå venstre: Sokneprest Margrethe Ølberg, Tore Flatabø Jordal, Sofie Digranes Cabrera, Sindre Jordal, Morten Kaldheim Måkestad, Martin Skare Molven, Sebastian Thiis Vestrheim, Sander Kvile, Malene Austrått Kristensen, Sandra Riise Angen, Ingeborg Langås Jøsendal, diakon Annlaug H.Engmark.

Odda kyrkje 30. april



Foto: Pawel Cabala

1. rekkje frå venstre: Synne Ringøy Fjæra, Ida Lee Tokheim, Ida Hansen Øyna.

2. rekkje frå venstre:

Sokneprest Margrethe Ølberg, Kjetil Jøsendal, Ivar Hauge Jensen, Espen Lund, August Mikkelsen.



Tyssedal kirke 30. april



Foto: Krzysztof Ulita

Fra venstre: Diakon Annlaug H. Engmark, Jeanette Lamo Iversen, Sindre Vikne Ribesen, Kim Magnus Forsberg, Patrick Nymo Kleppe, Nina Hjørnevik Vikane, Torbjørn Nguyen Hansen, Ellen Marie Mastelero Strand, vikarprest Lars Bernhard Ølberg.



Odda kyrkje 7. mai



Foto: Pawel Cabala

1. rekke fra venstre: Anne Victoria Macedo Kollbotn, Jessica Alexania Alonso Reina, Eli Hemstad Lekve, Emma Eikemo, Rebecka Strand, Ina Kristin Gudmundsen Berge, Sara Mohamed Espe Abdalla, Malin Ødegård Gustavson
2. rekke fra venstre: Sokneprest Margrethe Ølberg, Marco-Andre Bratland Osmo, Magnus Kvestad, Mads Hauge, Judith Legård Sandvin, June Legård Seljestad Kleppe, Karen Smedegård, Eline Selje-Bygnes, Benjamin Örn Berlindarson, Martin Birkeland Bay, Christian Brudeseth Åsheim, Morten Sandvin Hansen, diakon Annlaug Halvorsen Engmark.

Skare kyrkje 7. mai



Foto: Arild Sleire

Frå venstre: Sokneprest Arne S. Nataas, Tuva Løyning, Tea Grønsdal Schartner, Rune Mjåtveit, Veslemøy Vårdal Olsson, Kristin Strømskag Læg Reid.

Konfirmasjon 2017

Røldal kyrkje 14. mai



Foto: Krzysztof Ulita

1. rekkje frå venstre:
Sokneprest Arne S. Nataas,
Ådne Kvåle,
Madelen Oppistov Lykkebø,
Gunnar Lynghammer.
2. rekkje frå venstre:
Sigurd Olav Lynghammer,
Bård Olav Steinsland Medhus.



Diakonens hjørne

Annlaug H. Engmark



«LIVSKJELDER»

Ei av dei gode minna frå barndomen er når me gjekk til fjells og fekk stoppa ved ei oppkome for å drikka. Ei oppkome av vatn som kom rett opp frå bakken fenga stor interesse for ei lita jente. Ei livskjelde som var eit mysterium, for kor kom vatnet i frå? Slike «livskjelder» treng me i liva våre, om det er reint vatn, opplevingar, gode ord eller menneske

me møter. Me treng alle ei kjelda som me kan ausa ifrå for å henta styrke i dagen vår. Kjeldene våre kan vera fleire og til ulike tider treng me dei. Ei av dei beste kjeldene eg synes om er Bibelen. Den omtalar så mykje og gjev meg styrke i kvar dagen. Slik kan kjeldene auka rikdommen i liva våre og difor er det viktig at me er medvit dei.

Trusopplæringstiltak og familiegudstenester til hausten:

GUD gir – vi deler!

Odda

- Gudsteneste 3. september kl. 11.00 i Odda kyrkje. Konfirmantpresentasjon
- Familiegudsteneste 24. september kl. Odda kyrkje. Utdeling av 4-årsbok og hausttakkefest. Speidarane deltek

Skare

- Gudsteneste 3. september kl. 19.00 i Skare kyrkje. Konfirmantpresentasjon

Røldal

- Gudsteneste 10. september kl. 11.00 i Røldal kyrkje. Konfirmantpresentasjon

Tyssedal


- Gudstjeneste 10. september kl. 18.00 i Tyssedal kirke. Konfirmantpresentasjon



Odda, Tyssedal og Skare: Småbarnskaféen startar opp att torsdag 21. september!



Jannike Starefoss Stave
trusopplærer



Kryssord DETEKTIV

Vannrett:

2. Dyr
5. Trakkar sjåføren på
8. På toppen
9. Guttenavn
10. Hovedstad
12. Ofre
13. på sporet
15. Lorentz Drønen

Loddrett:

1. Aksjeselskap
2. Årstid
3. Reid Jesus på
4. Erte
5. Stirre
6. Ytret
7. Nekte
11. Kryss...
14. I Rio 2016



TÅRNAGENT helg for 3. klassinger 25. - 26. mars

Hvor kan vi finne verdifulle skatter?
Og hva gjør egentlig en Tårnagent?

Lørdag ettermiddag 25. mars var vi klare for en helg med masse kjekke aktiviteter og mysterier! 10 glade tårnagenter var med for å lete etter skatter og løse oppdrag om kirken, klokketårnet og Bibelen.

Alle tårnagentene fikk sin egen kode og sitt eget passord. Tårnagentene deltok på en spennende labryrint i kirkerommet og lette etter en skatte-kiste. De var også oppe i klokketårnet og utforsket det. Alle hadde forstørrelsesglass med seg for å se etter symboler og spor i tårnet og ellers i kirken.

Tårnagentene hadde gudstjenesteverksted hvor de øvde på lystenning, sang og drama som de skulle delta med på gudstjenesten neste dag.

Lørdagen ble avsluttet med et måltidsfelleskap med god taco, - og det var jo lørdag, så da hadde vi smågodt også. Søndagen deltok Tårnagentene på en fin gudstjeneste i kirken. Det var Maria

og tårnagentene dramatiserte teksten for dagen. De framførte også en sang om Maria. Dette ble en minnerik opplevelse! Og det var veldig fint at foreldre, besteforeldre og søsken kom og var sammen med oss på søndagen. Etter gudstjenesten var det kirkekaffe med muffins og sjokoladekake.


Tusen takk til alle flinke Tårnagenter for en fantastisk helg! Og mange takk til alle dere ledere som var med og bidro!

Jannike, Kris og Margrethe


« Himmelriket er likt ein skatt som var gøymd i ein åker. Ein mann fann skatten og gøymde han att. Glad som han var, gjekk han bort og selde alt det han eigde, og kjøpte åkeren.

Like eins er himmelriket likt ein kjøpmann som leita etter vakre perler. Då han fann ei svært verdfull perle, gjekk han bort og selde alt det han eigde, og kjøpte henne. » (Matt 13,44-45)





PÅSKEVERKSTAD



I SKARE



29. mars vart det arrangert påskeverkstad i Grendahuset!

Det var 21 born og vaksne som kom på verkstaden vi hadde laga i stand som ein del av trusopplæringa vår i Skare. Da borna kom, sang vi fyrst påskesangen «Mine hender er fulle av blomster» og lærte om påskeevangeliet, der vi var innom alle dagane i påsken og alt som skjedde med Jesus. Kris, organisten vår, var med til Skare for å spela saman med oss og vera med på aktivitetane.


Etter samlinga hadde vi hobbyaktivitetar. Vi laga Jesus Kristus sin tomme kross med ei rosa rose på. Golgata kross var tomt! Jesus stod opp og Han lever! - Vi malte på egg, - eit symbol på nytt liv. Etterpå hang vi dei opp på bunta kvist, og dei vart veldig fine. Me laga også fine påskekyllingar av kongler med fjørhalar i ulike fargar, og borna fekk med seg heim eggeglas som var ein hane i gips dei hadde måla på.

Etter hobbyaktiviteten sat vi alle ved langbord og hadde eit fint måltid saman.

Det var mange frivillige som hjalp til fra soknerådet, og det var veldig flott!

Tusen takk for eit fint arrangement!

Jannike Starefoss Stave
Trusopplærar



STØRST AV ALT



SPEIDARGLIMT

Odda KFUK - KFUM speidarar har dei fleste møta si-
ne ute. Me er ofte på tur til Sandvin, oppe i Hovden
eller til andre fine plasser rundt Odda.

Her er nokre bilete frå oss. Dei fleste bilete er frå
møtet i mai der me førebudde oss på å gå i 17. mai
toget.

Mat på bål er alltid kjekt!



Annlaug H. Engmark
Diakon og gruppeleiar





tlf. 02002



tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787

FARGERIKE

Torkelsen

tlf. 53 64 24 80

torkelsen@fargerike.no



Sentralbord: 53 65 05 00

www.oddaenergi.no



Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99

53 64 20 00

Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50

fax 53 64 23 81

www.digraanes.no



ODDA MEKANISKE VERKSTED AS

Postboks 144, 5751 Odda

post@omv.as tlf. 53 64 00 40



VD ENGINEERING AS

Postboks 392, 5751 Odda

Hardanger Folkeblad
- først og fremst

tlf. 53 65 06 20



tlf. 55 09 28 88

Odda Rutebuss AS



Tyssedalsvn. 8 - 5750
1Odda

tlf. 53 64 18 65

fax 53 64 23 91

Røldal Bygdeteneste

5760 Røldal, tlf. 941 52 656

Grunnarbeid - Snørydding - Hagearbeid
Stillasutleige - Vedsal



Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.

www.oddakommune.no



EIN STABIL OG TRYGG BANK

AVD. ODDA - 53 64 95 00



tlf. 53 00 44 24



tlf. 53 64 56 12



**HARDANGER
BILSKADESERVICE**

OPPRETTING - LAKKERING - SERVICE

Odda, tlf. 53 64 40 22

EUROSKO
ODDA

Nederst i Gågata

tlf. 53 64 10 12

INGENIØR- OG ENTREPRENØRFORRETNING



tlf. 53 64 80 80

post@hoyer-odda.no



Røldal - tlf. 53 64 71 26

Kryssord DETEKTIV LØSNING:

Vannrett:

2: HEST 5: GASSEN 8: LUE 9: ARE

10: OSLO 12: GI 13: TORE 15: LD

Loddrett:

1 AS 2: HAUST 3: ESEL 4: TERGE

5: GLO 6: SA 7: NEI 11: ORD 14: OL



TERJE
STORHAUG

barne-unodoms-og herrektaer

tlf. 53 64 16 44

Einar Reisæter AS

elekt. forretn. install.

Eitrheimsv 1, 5750 Odda

tlf. 53 64 13 33

Steinar Tokheim

Byggn.tekn.kons.

Skare

stokheim@online.no

mob. 958 71 277

Ønsker du å ha annonse
i Helgahelsing?

Ta kontakt med kirkekontoret!

Pilegrimsstemnet i Røldal

7.-9. juli 2017

PROGRAM

Fredag 7. juli

kl 14.00-17.00: Liturgisk mottak i kyrkja av pilegrimar.

Dette er opne samlingar også for dei som ikkje har vandra.

kl 19.00: Pilegrimskonsert i kyrkja

Bill kr 100.-

kl 21.00: Ope pilegrimssamling på Grendahuset.

Kaffi og lappar.

Laurdag 8. juli

kl 08.00: Laudes (liturgisk morgonsamling) i kyrkja.

kl 08.30 - 09.45: Felles frukost på Grendahuset.

kl 10.00 - 12.00: Pilegrimsseminar

kl 13.30: Felles middag på Grendahuset.

kl 16.00 - 18.00: Stille tid i kyrkja.

kl 18.00 - 18.45: Felles kveldsmat på Grendahuset.

kl 19.00 - 19.40: Transport til Bruhølen. Frammøte ved kyrkja.

kl 20.00: Kveldsvandring frå Bruhølen til kyrkja.

kl 23.00: Pilegrimsmesse m/ nattverd.

Sundag 9. juli

kl 08.00: Laudes (liturgisk morgonsamling) i kyrkja.

kl 08.45 - 10.30: Felles frukost på Grendahuset.

Avreise.



PILEGRIMSVANDRING FRÅ ODDA TIL RØLDAL 2017

VERT DU MED PÅ EI FLOTT VANDRING?

Vandring til Røldal og Pilegrimsstemnet 7. - 9.juli. 3 dagars tur med start frå Odda kyrkje 5. juli. Ein kan vandre enkeltdagar og. Gode sko, niste og klede etter været. Meir info/hjelp med overnatting:

Ring 481 76 830, diakonen.



DEN NORSKE KYRKJA
Odda, Tyssedal, Skare og Røldal

~ Det var eingong ~

Det var ei lita bjørk
som hadde fått lov på nytt lauv
midt i mai.

Ho var mest ikkje nedpå jorda
for den skuld
og fordi ho var så grann.

Det kom som lova og,
ein mai vind.
Han gjorde henne ør
og søt i borken
og sår på alle knuppar.
Ein fugl kom sette seg
på naken kvist
og sa det var no -

Ho visste ingen ting
denne dagen.
Men då det vart kvelden
stod ho med tunne grønfargar
over nakent og grant.
Rar og omskapt.

Ør og levande.
Ho løyste seg sakte.
Vart heilt fri for røter, trudde ho.
Siglde som eit ljosgrønt slør over åsen.
Borte frå den staden for alltid
– trudde bjørka.

Tarjei Vesaas (1897 – 1970), forfatter.
Diktet er hentet fra Fasetter» norsk diktantologi 1962



Døypte


Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar så
lenge verda står. *Matt.28,20*

Odda kyrkje

12.03.2017 Hilja Kornelia Olsson Gravdal
26.03.2017 Ine Hedalen-Eike
26.03.2017 Sara Mohamed Espe Abdalla
02.04.2017 Jessica Alexania Alonso Reina
09.04.2017 Mathias Grønlien-Stokdal

Røldal kyrkje

19.03.2017 Magnus Skeie
02.04.2017 Mille Steinsland Haara-Rogde
02.04.2017 Hannah Kaspara Ness
30.04.2017 Vilja Kokslie



Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

Odda


Jakob E. Jordal	f. 1922
Laila K. Lilletvedt	f. 1930
Else Kristine Frette	f. 1917
Ingrid Sofie Fossåen	f. 1928
Olga Synneva Hauge	f. 1924
Betty Olsson	f. 1920
Unni Maria Holtmoen	f. 1937
Kristin Digranes	f. 1927
Ivar Klette	f. 1927
Oddvar Johan Læg Reid	f. 1949

Røldal

Arne Martin Botnen	f. 1952
--------------------	---------

Tyssedal

Ingrid Abelone Berget	f. 1935
Marit Nondal	f. 1930



GUDSTENESTELISTA

4. juni - pinsedag

Odda kyrkje kl. 11.00
Røldal kyrkje kl. 11.00

5. juni - 2. pinsedag

Skare kyrkje kl. 11.00
Tyssedal kirke kl. 11.00

11. juni - treenighetssøndag

Odda kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste

18. juni - 2. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

25. juni - 3. søn. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00
Røldalsmarknad

2. juli - 4. søn. i treenighetstida

Skare kyrkje kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 17.00

8. juli - lørdag

Røldal kyrkje kl. 23.00
Pilegrimsmesse

16. juli - aposteldagen

Odda kyrkje kl. 11.00

23. juli - 7. søn. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00
Tyssedal kirke kl. 17.00

30. juli - 8. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

6. aug. - 9. søn. i treenighetstida

Skare kyrkje kl. 11.00

13. aug. - 10. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00
Røldal kyrkje kl. 17.00

20. aug. - 11. søn. i treenighetstida

Tyssedal kirke kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 17.00

27. aug. - 12. søn. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00

3. sept. - 13. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00
Konfirmantpresentasjon
Skare kyrkje kl. 19.00
Konfirmantpresentasjon

10. sept. - vingårdssøndag

Røldal kyrkje kl. 11.00
Konfirmantpresentasjon
Tyssedal kirke kl. 18.00
Konfirmantpresentasjon

17. sept. - 15. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 17.00
Økumenisk gudsteneste

24. sept. - 16. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00
Familiegudsteneste
Røldal kyrkje kl. 11.00

1. okt. - 17. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00
Skare kyrkje kl. 11.00

Det kan verta endringar - sjå
etter i HF om fredagen



Tysdagsbøn

i Odda kyrkje kl. 12.00



Ynskjer du hjelp til å koma deg til kyrkja i Odda når det er gudstenester der?

Fredagen
før gudstenesta
innan klokka 12.00:

Ring Odda kyrkjekontor **53 65 09 00**



Fellesbøn

(økumenisk bøn)



på **Frelesarmeen**
kvar laurdag klokka 10

Kyrkjeskyssen i Røldal

ring **95 95 11 11**

ODDA
TRYKK & REKLAME
Postboks 253 - 5751 Odda
tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30
www.oddatrykk.no

Kirkens SOS

FORTVILET?
Ring Kirkens SOS
22 40 00 40

